

Julevandring i kyrkja for barnehagane

08.12.2017



Englar som skal trøysta skræmde (Uskedalen barnehage)

Dønhaug gardsbarnehage (kl. 10.00) og Uskedalen barnehage (kl. 12.15) hadde julevandring i Uskedal kyrkje i dag. Det var to spente flokkar som til kvar si tid sto og venta i yttergangen før det braka laus.



Fulle av forventing (Uskedalen barnehage)

Jan Ove Fagerheim ynskte dei alle velkommen. Dei fleste borna visste så vel kva tid som nærma seg, og då meinte han det kunne vera lurt å ta ein gjennomgang av kva som gjorde at me feirar denne høgtida. Utkledd som keisar Augustus førte han dei frammøtte opp i manntalsboka, og sette flokken to tusen år attende i tida. Etter kvart som han kom fram i forteljinga, fekk tre friviljuge kongeklede og krone på seg. Alle fekk lukta på røykelse og myrra. Så vart gull, røykelse og myrra fordelt til kongane, slik at dei kunne ha gåver med seg. Deretter ga dei seg ut i kyrkjeromet, syngjande "Nå vandrer fra hver en verdenskrok". Her dukka erkeengelen Gabrielle (Lina Haaland) opp, og ein annan syngjande engel (Eva Megyesi) kom ned til dei ved inngangsdøra. Dei hadde bruk for fleire englar, for nokon måtte seia "ver ikkje redde" når uvanlege ting skulle henda. Dette øvde dei på nokre gonger, før Jan Ove fortalte vidare, og dei kom fram til gjætarbålet (midtvegs i kyrkjegangen). Gjætarhabitarr vart fordelte, men ein som ville vera sau, måtte nøya seg med å vera gjætar (kostymemangel?).



Ved gjæstarbålet (Dønhaug gardsbarnehage)

Forteljinga gjekk vidare, og like før Betlehem, kom dei inn på adventstida. Det første adventslyset vart tent medan alle song "No tenner vi det første lys" til pianoakkompagnement av Eva (ho akkompagnerte på resten av songane). I Betlehem fekk Maria og Josef (også ved to av borna) veta at det var fullt over alt, men kan henda kunne dei få plass i stallen. Alterringen vart nytta til stall, og her fann dei krubba. Jesusbarnet kom på plass, og forteljinga kunne fullførast. Som avslutting vart nokre vers av "Det lyser i stille gredner" sunge, og Jan Ove takka alle som hadde vore så aktivt med og gjort dette til ei fin stund.

For meg, som ikkje har vore med på noko slikt før, vart dette ei verkeleg fin stund, med engasjerte og aktivt medverkande born. Med ei slik uhøgtideleg og illustrerande ramme vert mykje "mystisk" gjort meir forståeleg. Etter ein slik aktiv gjennomgang kan det henda at ein kjem i hug mykje av det til seinare og.

Det var eit godt knippe som sto for gjennomføringa her i Uskedalen: Sokneprest Lina Haaland, kantor Eva Megyesi og kyrkjelydssekretær Jan Ove Fagerheim, alle aktivt, blidt og uhøgtideleg medverkande. Jan Ove kan dette med å få dei små med på leiken, Lina er med, kommuniserer og syng. Eva er støtt blid, syng godt, og ingen kan som ho dette med å akkompagnera og gje til beste himmelsk musikk.



Stallen.

Tekst og foto: Svein Rimestad

Nett: Thor Inge Døssland